

# Rotary kulturprisvinnar

1988

## Haram Kulturhistorisk lag



### Det var ein gong

Tidlegare har kulturprisen gått til einskildpersonar, men denne gongen fann styret å ville gi prisen til eit lag. I det høve peika Haram Kulturhistoriske Lag seg ut. HKL har teke på seg å vere bindeledd mellom bygda, fagfolk og styremakter i saker av kulturhistorisk verdi. Styret i Brattvåg Rotaryklubb ser det som svært verdfult at laget vil fremja ting som til dømes registeringsarbeid, innsamlings- arbeid, skriftarbeid, opplysningsarbeid, synfaringar og utstillingar. Det er og svært viktig at vi har folk med interesse for slik arbeid, særleg med tanke på komande generasjonar.

Styret hadde denne gongen gjort vedtak om at prisen skulle delast ut på eit vanleg rotarymøte. Det vart likevel eit spesielt festmøte i kantina til Hydraulik Brattvaag. Til møtet var styret i HKL innbedne. Kantina var pynta og det vart servert smørbrød, kaker og kaffi.

President Lars Sønderland ynskte alle medlemmar og gjestar velkomne til dette møtet. Han ga ei kort orientering av Rotary og om den kvalifikasjon og vurdering som var gjort for juryen sin kjennelse. Presidenten overrekte prisen, ein sjekk på kr. 5000,00 og diplom til formannen i HKL, Palmar Fjørtoft, som synleg prov på at Rotary set høgt i ære det arbeidet HKL gjer.

Palmar Fjørtoft takka for den store ære som har kome laget til del og for den oppmuntring til vidare arbeid som ligg i kulturprisutdelinga. Dette er ei annerkjenning av vårt aktivitet og sporer til vidare verksemnd .

Det vart også tid til god mat krydra med ei rad framifrå lokalhistoriske soger, slik det høver seg ein lokalhistorisk prisvinnar.